

Medlemene vert med dette kalla inn til møte.

Varamedlemer får innkallinga, møter berre etter særskild innkalling.

Vert du av lovlege grunnar hindra i å møte, må du melde frå til Anne Liv Lidtveit på tlf. 99386630 eller e-post post@kaaiks.no

Valle, 16.01.2015

Innkalling til møte i KIKS - Styret
23.01.2015 kl. 10:00 i Iveland kommunehus

Til handsaming:

Saksnr	Innhold
PS 7/15	Godkjenning av møteprotokoll
PS 1/15	Referatsaker
RS 1/15	Svar frå OED om oppmoding om snarleg avgjerd av klagesaka
PS 2/15	Drøftingssaker
PS 3/15	Orienteringar
DLO 1/15	EMIR-lovverket
PS 4/15	Rapportering - hedging, trading og formuesforvaltning
PS 5/15	Risikostrategi
PS 6/15	Status strategiplan
PS 9/15	Revisjon av strategiplan 2014-2020
PS 8/15	Høyringsnotat til ny IKS-lov
PS 10/15	Årshjul 2015
PS 11/15	Styreinstruks Konesjonskraft IKS
PS 12/15	Instruks for dagleg leiar

Gro-Anita Mykjåland
Nestleiar styret

Arne Tronsen
Dagleg leiar

Saksnr	Innhold
PS 7/15	Godkjenning av møteprotokoll
PS 1/15	Referatsaker
RS 1/15	Svar frå OED om oppmoding om snarleg avgjerd av klagesaka
PS 2/15	Drøftingssaker
PS 3/15	Orienteringar
DLO 1/15	EMIR-lowverket
PS 4/15	Rapportering - hedging, trading og formuesforvaltning
PS 5/15	Risikostrategi
PS 6/15	Status strategiplan
PS 9/15	Revisjon av strategiplan 2014-2020
PS 8/15	Høringsnotat til ny IKS-lov
PS 10/15	Årshjul 2015
PS 11/15	Styreinstruks Konesjonskraft IKS
PS 12/15	Instruks for dagleg leiar

PS 1/15 Godkjenning av møteprotokoll

PS 2/15 Referatsaker



**DET KONGELIGE
OLJE- OG ENERGIDEPARTEMENT**

Statsråden

Ifølge liste

Deres ref

Vår ref
14/2111-

Dato

5 JAN 2015

Fastsettelse av kraftgrunnlag i Sira-Kvina

Jeg viser til brev mottatt 27.11.2014 fra mottakere av konsesjonskraft fra Sira-Kvina. Avsenderne anmoder i brevet om fortgang i saksbehandlingen av klagen på NVEs vedtak i 2003 om fastsettelse av kraftgrunnlag i Sira-Kvina.

Det er som det fremgår av brevet på det rene at klagen ennå ikke er oversendt til departementet, og dermed fortsatt er til behandling i NVE etter alle disse årene.

Etter å ha mottatt brevet fra konsesjonskraftmottakerne har departementet innhentet en oppdatert redegjørelse fra NVE om status i saken. Departementet har fått forsikringer om at NVEs behandling av klagen nå er i en avsluttende fase, og jeg forventer at direktoratet avslutter sin behandling av klagesaken tidlig i 2015.

Dersom saken i den forbindelse oversendes departementet til avgjørelse i henhold til forvaltningslovens bestemmelser, skal saken få den nødvendige prioritet og bli avsluttet så snart den har vært undergitt den behandling som lovverket krever.

Jeg skal være den første til å beklage at denne klagesaken har tatt så lang tid. Det er derfor av vesentlig betydning at saken kan avsluttes uten ugrunnet opphold.

Med hilsen

Tord Lien

Adresseliste

Forsand kommune	Kommunehuset	4110	FORSAND
Gjesdal kommune	Rettedalen 1	4330	ÅLGÅRD
✓Konsesjonskraftfondet for Aust-Agder		4747	VALLE
Lund kommune	Moiv. 9	4460	MOI
Rogaland fylkeskommune	Postboks 130	4001	STAVANGER
Sokndal kommune	Gamleveien 20	4380	HAUGE I DALANE

Kopi til:

Aust-Agder fylkeskommune

Bygland kommune

Bykle kommune

Flekkefjord kommune

Kvinesdal kommune

Norges vassdrags- og energidirektorat

Sirdal kommune

Valle kommune

Vest-Agder fylkeskommune

PS 3/15 Drøftingssaker

PS 4/15 Orienteringar

EMIR lov og utfordringar knytt til det.

Emir er eit resultat av finanskrisa og skal regulere og overvake handlar i derivatar.

For Konesjonskraft IKS vil betyr dette i første omgang at vi ikkje kan stille bankgaranti for våre plikter ovanfor Nasdaq OMX. Som fylgje av dette må vi finne ei alternativ løysing på våre økonomiske garanti forpliktingar.

Alternativ 1: byggje opp reservekapitalen slik at den kan nyttast som garanti. Garanti behov i dag er på 30 millionar NOK. Om prisane stiger kan garanti behovet passere 300 millionar NOK

Alternativ 2: Danske bank ser på mulegheit for å bli GCM hos Nasdaq. Då vil Konesjonskraft ikkje være direkte clearing kunde hos Nasdaq OMX men cleare handlane gjennom Danske Bank. Denne løysinga er ikkje noko Danske Bank har i dag, men det jobbast med ei løysing. Dette vil da medføre ein ekstra kostnad som vi ikkje veit storleiken på i dag.

Det jobbast i dag frå fleire hald med å få endra krava for aktørar som sel kraft framfor trading. Denne løysinga kjem ikkje i tide, vi trenger derfor ei løysing som sikrar at vi kan fortsette med sikring slik som vi gjør i dag.

Danske Bank vil truleg presentere ei løysing med prisar nå i januar-februar. Når vi veit kva løysing dei har kan vi lettare vurdere dei ulike alternativa.

PS 5/15 Rapportering - hedging, trading og formuesforvaltning

PS 6/15 Risikostrategi

PS 7/15 Status strategiplan

Saksframlegg

Konsesjonskraft IKS

<i>Saksnummer</i>	<i>Utv</i>	<i>Møtedato</i>
8/15	KIKS - Styret	23.01.2015

Revisjon av strategiplan 2014-2020

Dagleg leiar tilrår:

Styret nemner opp ei politisk arbeidsgruppe som saman med administrasjonen skal utarbeide utkast til revidert strategiplan for perioden 2015-2020.

Saksutgreiing:

1. Bakgrunn for saka

Verksemda har hatt strategiplan frå 2011. Noverande strategiplan gjeld perioden 2014-2020. Selskapet har i løpet av 2014 fått 11 nye deltakarar frå Vest-Agder og det er no behov for ei grundig drøfting av mogelege vegval frametter.

2. Saksopplysningar

Gjeldande strategiplan følgjer som vedlegg til denne saka.

Denne planen har synt seg som eit godt verktøy både når det gjeld utvikling og den daglege drifta i verksemda.

Styret har i kvart møte fått orienteringar om oppfølging av strategiplanen og dagleg leiar har fått gode styringssignal attende.

3. Vurdering

Styret har tidlegare vald ei politisk arbeidsgruppe mellom styremedlemene. Desse har gjennom ein dialog med administrasjonen utarbeidd utkast til strategiplan som har vore handsama gjennom styret og representantskap. Både i 2013 og i 2014 har strategiplanen og vore drøfta i junimøtet, medan planene har vorte vedteken i desembermøtet. Funksjonstida til noverande styre går ut dette året og det er difor etter mi vurdering viktig at dette styret fremjar ei sak til eigarane om mogelege vegval.

Valle, den 13.01.2015

Arne Tronsen
dagleg leiar

Status oppfølging av strategiplan 2014-2020.

Målsetting:

Konsesjonskraft IKS skal vere ein leiande nasjonal forvaltar av konsesjonskraftrettane og byggjer på verdiane: truverde, kvalitet og tryggleik.

Selskapsavtalen:

KIKS femnar no om 20 kommunar og 2 fylkeskommunar.

Måloppnåing:

KIKS er no den største konsesjonskraftaktør i Noreg (pr 1/1 2015)

Spørsmål:

Er vi den beste?

Økonomi/finans

I 2011,2012 og 2013 har vi utbetalt utbytte til deltakarane på mellom 21 og 23 øre/kWh inklusive avsetningar til reservekapital/bufferkapital.

Dersom vi samanliknar oss med kraftselskap og andre konsesjonskraftaktørar i marknaden, kjem vi relativt godt ut.

Det viktigaste er likevel at vi maktar å oppfylle våre inntektsprognoser til deltakarane og at vi har bygd opp ein solid reservekapital.

Dagleg leiar meiner å kunne ettervise at vi og tek vare på marginane på ein god måte. Dette gjer at ein monaleg del av våre driftskostnader vert dekt inn gjennom dette arbeidet.

Eit framhaldande arbeid med risikostrategien er avgjerande for det økonomiske resultatet og soleis påreknelege inntekter for deltakarane.

Vi tek godt vare på verdiane.

Kompetanse og kapasitet

I dag har administrasjonen god kompetanse innafor finans, økonomi, jus og offentleg forvaltning.

Grunna utvidinga av samarbeidet har arbeidsomfanget auka på mykje på kort sikt. På lengre sikt vil og arbeidsmengda auke noko; administrasjonen er no utvida med ei stilling- 3,75 årsverk pr 1/1 2015.

Det gjennomførast kontinuerleg kompetanseheving for styret, representantskapet og deltakarane- både politisk og administrativt.

Dagleg leiar synest at dialogen administrasjonen har med politisk leiing og deltakarane er krevjande og god og at det systematiske arbeidet med kompetansedeling bør utviklast vidare.

Ekstern kompetanse

Selskapet kjøper inn kompetanse innafor økonomi/finans, kraftforvaltning/analyse, rekneskap og revisjon. Innkjøpa vert gjort etter grundige vurderingar på kva vi treng til ei kvar tid. Vi vurderer heile tida desse innkjøpa kritisk. Hausten 2014 har det vore kjøpt inn etter måte mykje juridiske tenester på grunn av store utfordringar som måtte løysast på kort sikt.

Informasjon

Vi har teke i bruk i heimesida vår på ein betre måte, vi driv informasjon/kompetanseheving andsynes ungdomsskulane i deltakarkommunane. I 2015 vil vi tilby Valle, Bygland og Åmli dette opplegget.

Oppfølging av konsesjonærar, kontakt med NVE og OED.

Arbeidet med det juridiske og hydrologiske grunnlaget for konsesjonskraftrettane og avtaleverket med konsesjonærane og grensesnittet mot den operative kraftforvaltninga må fungere kvar dag.

Vi har hatt ein krevjande haust med oppfølging av nye kraftvolum frå Vest-Agder og utfordringar knytt til utrekning av sjølvkostprisar på kraft frå kraftverk i Mandalsvassdraget. Vi har og fått ny kraft på nettet frå Øksendaloverføringa- om lag 2 GWH. Vi har varsla uttak av ytterlegare 1 GWH frå kraftverk i Otravassdraget.

Vi arbeider med kraftgrunnlaget i Sira-kvina vassdraga= delingsfaktor sjølvkostpris.

Eg meiner at vi har gode system og gode medarbeidar som ivaretek dette arbeidet og at vi har teke inn over oss dei nye utfordringa som utvidinga av selskapet førde med seg.

Eg innestår for at vi vaktar rettane på ein god måte.

Que vadis:

Kjerneaktiviteten er å syte for at vi får hand om dei kraftrettane som deltakarane har til ein rett pris og til rett tid, og at konsesjonskraftvolumet til kvar tid vert omsett slik at deltakarane får påreknelege inntekter.

Alle andre gjeremål må gjerast etter at dette arbeidet er gjort.

Utarbeiding av forretningsplan for Konsesjonskraft AS er difor ikkje sett igong.

Kva tenkjer styret og deltakarane om den samla prioriteringa av dei ressursane selskapet har i dag?

Kva tenkjer styret om tenestemeny til deltakarane?

Kva med ei utviding av den geografiske virkekrinsen?

Korleis samarbeide med LVK frametter?

Skal KIKS engasjere seg meir i det offentlege rom, eller er vi tent med å vere i bakgrunnen?

Oppsummering

Strategiplanen vår er kortfatta og presis samstundes som den er strategisk og tiltaksretta.

Dette er avgjerande for å få ei god oppfølging.

Valle 13/1 2015

Arne Tronsen

Dagleg leiar



KONSESJONSKRAFTFONDET


– vaktar rettane og tek vare på verdien

STRATEGIPLAN 2014-2020

Konesjonskraftfondet:

– vaktar og forsvarar eigaranes rettar

– tek vare på verdien og fører den attende til eigarane



FUNDAMENT

Verdiar

KAA står for:

- Truverde – KAA skal vere tufta på samfunnsmessige vurderingar
- Kvalitet – KAA skal arbeide kontinuerleg med kvalitetsutvikling
- Tryggleik – KAA skal i alle sine gjeremål legge til grunn ein langsiktig tankegang

Etiske prinsipp

Tilsette og ombudsmenn skal:

- etterleve lover, reglar og menneskerettar
- stå fram ærleg og heiderleg
- syte for at KAA står fram som ope, påliteleg og transparent
- ikkje gjere noko som kan skade truverdet til KAA
- ikkje take mot eller gje gåver som kan påverke integriteten til KAA
- ikkje nytte konfidensiell informasjon for å oppnå urettmessige fordelar på eigne eller på KAA sine vegne

MÅL

Konsesjonskraftfondet skal vere ein leiande nasjonal forvaltar av konsesjonskraftrettane

DELMÅL

KAA skal:

- revidere selskapsavtalen innan 1.1.2015
- trygge konsesjonskraftordninga som kommunal/fylkeskommunal rett
- trygge verdien i konsesjonskraftordninga
- sikre eigarane påreknelege og gode inntekter
- formidle kunnskap om vasskraft til den oppvaksande slekta
- byggje kompetanse i alle ledd
- utvikle tenestemenyen
- vurdere utviding av den geografiske virkekrinsen

TILTAK

Revidere selskapsavtalen innan 1/1 2015

Tidspunkt

KAA skal:

- stille kompetanse og kapasitet til rådvælde for eigarane og tingingsutvalet mellom kommunane og Aust-Agder fylkeskommune i arbeidet med ny selskapsavtale

2014

Trygge konsesjonskraftordninga som kommunal/fylkeskommunal rett

Tidspunkt

- orientere kommunestyre/fylkesting om status og utfordringar
- halde seminar, gjerne saman med LVK, for Agderbenken og energi/miljøkomiteen
- synleggjere utfordringar som KAA står overfor i aktuelle fora i landsdelen
- utvikle heimesida
- ha jamleg kontakt med NVE
- gjennomføre møte med NVE og OED når det er tenleg eller naudsynt

2014

Vår 2014

*

2014

*

*

Trygge verdien i konsesjonskraftordninga

Tidspunkt

KAAs skal:

- bruke heimesida til å spreie nøkkelinfo *
- spreie kunnskap om kor viktig vasskrafta er for kommunar/fylkeskommunar *
- ta i bruk sosiale media *
- nytte hydrologisk/juridisk ekspertise for å kvalitetssikre grunnlaget for viktige avgjerder *
- vere oppdatert på planlagde utbyggingar/revisjonar med verknad for konsesjonskraftvolumet og/eller kommunane sitt skatteproveny *
- byggje nettverk med Konsesjonskraftstyret i Telemark og Sogn og Fjordane fylkeskommune *

Sikre eigarane pårekelege og gode inntekter

KAAs skal:

- halde gjeldande risikostrategi levande og evaluere /endre denne årleg *

Formidle kunnskap om vasskraft til den oppvaksande slekta

KAAs skal:

- utarbeide og gjennomføre eit pedagogisk opplegg for ungdomsskulesteget i Aust-Agder *

Byggje kompetanse i alle ledd

KAAs skal:

- samarbeide med LVK om prioriterte utfordringar *
- trygge og utvikle administrativ og fagleg kompetanse *
- utvikle eit samarbeid med kompetanseleverandørar som gjev meirverdi både til KAA og leverandørar *
- ha god kunnskap om vassdragsutbygginga med hovudfokus på eigen geografisk virkekrins *
- ha oversikt over og kontroll med alle viktige risikofaktorar inklusive den administrative risikoen *
- syte for styreopplæring – fast punkt i kvart styremøte *

Utvikle tenestemenyen og vurdere utviding av den geografiske virkekrinsen

KAAs skal:

- vere oppdatert på vanndirektivet 2014
- bidra til oppfølging av revisjon av gjevne konsesjonar *

Vurdere utviding av den geografiske virkekrinsen

KAAs skal:

- utvikle ei skisse til korleis KAA kan ta opp i seg nye eigarar *
- saman med Vest-Agder fylkeskommune/ konsesjonskraftkommunane i Vest-Agder vurdere utviding av eigarskapet i KAA 2014

Alle tiltak merka med * er kontinuerlege



KONSESJONSKRAFTFONDET

– vaktar rettane og tek vare på verdien

Konsesjonskraftfondet for Aust-Agder IKS

Kommunehuset, 4747 Valle

T: 37 93 75 23

post@kaaiks.no

www.kaaiks.no

Bilete framsida:

*Dam Botsvatn i Bykle kommune – Nordbygda
med 19 gardar vart lagt under vatn.*



KLETSÅ DESIGN FOTO: MARIT KVAALE

Saksframlegg

Konsesjonskraft IKS

<i>Saksnummer</i>	<i>Utval</i>	<i>Møtedato</i>
9/15	KIKS - Styret	23.01.2015

Høyringsnotat til ny IKS-lov

Dagleg leiar tilrår:

KIKS sender eige høyringsfråsegn til kommunal- og moderniseringsdepartementet om endringar i ny IKS-lov. Vedlagte dokument fungerer som mal for innsendinga, og bør kunne gjennomarbeidast ytterlegare før innsending.

Saksutgreiing:

1. Bakgrunn for saka

Regjeringa har sendt ut høyringsnotat om endringar i IKS-lova. Det er føreslått til dels større endringar frå gjeldande lov, som vil påverke drifta vår.

2. Saksopplysningar

Gjennom KS blei vi gjort kjent med lovendringsforslaget, og har allereie sendt inn nokre innspel til dei i form av vedlegget som ligg i denne saka. KS ønskte så mange innspel som muleg for å kunne vise så mange sider ved lovendringsforslaget som muleg i sitt høyringsnotat til departementet. Det er likevel ønskeleg at KIKS sender si eiga, sjølvstendige vurderinga av lovforslaget.

Det er fyrst og fremst forholdet til EØS-regelverket som synast tatt i vare ved endringsforslaget. Forholdet til mellom anna kommunereforma og ny kommunelov er ikkje nemnt i forslaget.

For vår del er det sentralt å kunne peike på dei viktigaste konsekvensane lovendringsforslaget vil medføre for KIKS. Dette er ikkje noko enkelt arbeid, særleg fordi endringsforlaget som nemnt over er noko ufullstendig for å kunne sjå alle sider ved endringane. Sjå elles vedlegg.

3. Vurdering

Dagleg leiar vurderer det slik at dei føreslåtte endringane i IKS-lova er så viktige for KIKS at vi bør gi ei sjølvstendig fråsegn til departementet. Dette bør vere så kort og konsist som muleg, så vedlagte høyringsnotat bør kuttast og presisertast ytterlegare før innsending til departementet.

Valle, den 16.01.2015

Arne Tronsen
dagleg leiar

1 Høyringsnotat til ny IKS-
lov

1 Høyringsnotat til ny IKS-
lov

Høyringsnotat til ny IKS-lov

1. Innleiing

Konsesjonskraft IKS søker gjennom dette høyringsnotatet å kommentere og belyse dei forholda ved forslaget til ny IKS-lov som både direkte vedkjem oss, men har også kommentarar av meir generell karakter. Etter vårt syn er det også andre konsekvensar ved ei muleg endring av IKS-lova som burde vore tatt med i høyringsnotatet, og desse vil bli kommentert nedanfor.

2. Kort om Konsesjonskraft IKS

Konsesjonskraft IKS er eit selskap som forvaltar konsesjonskraftrettane til 20 kommunar og 2 fylkeskommunar på Agder.

Vi syter for at rett konsesjonskraftkvantum vert omsett fysisk via NordPool spot til rett tid og at kjøpsprisen og overføringskostnadene er korrekte. Vi prissikrar denne krafta finansielt på NasdaqOMX i samsvar med ein risikostrategi som er tufta på kommunane/fylkeskommunane sitt behov for påreklelege inntekter. Samtidig med prissikringa valutasikrar vi framtidige euroinntekter. I dag er sikringshorisonten vår på 4 år.

Vår årlege omsetning ligg på om lag 250 millionar kr og verdien av valutaterminforretningane er på om lag 850 millionar kr. For 2015 er det rekna med at kommunane får tilført 130 millionar kroner. Alt overskottet vert ført attende til dei 20 kommunane og 2 fylkeskommunane.

Vi syter og for informasjon til deltakarane i selskapet og til ålmenta om konsesjonskraft og kraftutbyggingsspørsmål og rådgjev kommunane i aktuelle kraftutbyggingssaker etter behov. Vi har og utvikla og gjennomfører undervisningsopplegg for ungdomsskulane i regionen.

I kortform: Vi vaktar og forsvarar rettane, tek vare på verdien og fører den attende til deltakarane.

3. Forholdet til EØS-regelverket

Bakgrunnen for lovendringsforslaget er å sikre at IKS-lova er i samsvar med EØS-reglane om offentleg støtte. Som ledd i dette er det foreslått endringar i det uavgrensa ansvarsforholdet og oppheving av konkursforbodet.

For KIKS inneber det uavgrensa ansvarsforholdet og konkursforbodet lite eller ingenting på marknaden vi opererer. Når det gjeld banktenester får vi noko betre vilkår, men dette er minimalt i og med at vi alltid har den elektriske krafta i botn. Denne brukar vi derfor som ein slags garanti overfor banken slik at vi alltid vil vere ein solid kunde.

På marknaden vi opererer, den fysiske kraftbørsen NordPool og den finansielle børsen Nasdaq OMX, har vår selskapsform ingenting å seie. Vi kjøper og sel konsesjonskraft på lik linje og med same krav som alle andre aktørar, og vi blir underlagt dei same garantikrava som alle andre. Vi kan derfor vanskeleg seie at det uavgrensa ansvarsforholdet og konkursforbodet medfører noko konkurransefortrinn sett opp mot andre verksemder som driv med kraftforvaltning.

Når kommunane og fylkeskommunane (kalla kommunane) har valt å samarbeide om konsesjonskraftforvaltninga gjennom eit IKS, er dette mellom anna fordi det gjev kommunane stordriftsfordelar. Dette er igjen med på å auke kommunane si inntening på konsesjonskrafta. Det kostar kommunane store ressursar kvart år dersom dei sjølve skal stå for forvaltninga, noko som ofte

medfører at denne jobben blir sett vekk til ein ekstern forvaltar. Gjennom å gjere jobben sjølv i samarbeid tek ein vare på alle marginar, og totalbildet blir betre for den enkelte kommune. Dersom vi gjennom ein IKS-lov får dårlegare rammevilkår vil dette påverke resultatet vårt negativt, og kommunane vil få redusert incitamentet til å samarbeide interkommunalt.

Ei anna viktig aspekt med kvifor kommunane samarbeider om konsesjonskrafta på denne måten er den profesjonaliseringa som eit slikt samarbeid medfører. Dette ville ein kommune aldri klart sjølv. Det er her tale om viktige inntekter for kommunane, men innanfor eit svært komplisert og til dels lite tilgjengeleg fagfelt. Og den reine krafthandelssida ved verksemda vår kan rett nok forvaltast av andre, men dei grunnleggande rettane til konsesjonskrafta må takast vare på av kommunane sjølv. Noko vi i Konsesjonskraft IKS altså gjer på vegne av kommunane per i dag.

Det er også betydelege verdiar vi her talar om. Dersom ein ser konsesjonskraftrettane i Noreg under eitt, er det tale om 8,5 TWh. Med kraftprisar på rundt 25 øre, og ein kostpris på ca 10 øre, sit kommunane igjen med ein gevinst på 15 øre. På årsbasis blir dette 1,275 milliardar kroner. Det er derfor svært viktig for kommunane at dei har høve til å forvalte dette sjølv eller gjennom egne selskap for å ta vare på den viktige verdien dette er for kommunen.

4. Innskotsplikt

Endringsforslaget inneber som nemnt at eit IKS vil få dårlegare vilkår hos bankane, gjennom at konkursforbodet blir oppheva og ein med det oppnår eit dårlegare kreditorvern. Forslaget frå departementet er derfor å ta inn nye føresegner som regulerer kapitalforholdet i selskapet, langt på veg å samsvare desse føresegnene med statsføretakslova og aksjelova.

Innskotskapital er føreslått gjort obligatorisk. Innskotskapitalen skal vere forsvarleg i forhold til selskapet si verksemd, jf. merknadane til § 5 på høyringsforslaget side 50. Det synast å vere ei tilnærma umuleg oppgåve for deltakarane som må vurdere forsvarlegheita ved opprettinga av selskapet, særleg i selskap som driv yttarst konkurranseprega og marknadsbasert verksemd, som til dømes Konsesjonskraft IKS. Det kan då truleg fort vere behov for justering, noko som då vil krevje ei stor administrativ oppgåve i den enkelte kommune og ei byråkratiauke, sjå meir om dette nedanfor. Sagt på ein annan måte; det er uklart kva som kan, skal og bør ligge til grunn for vurderinga av storleiken på innskotskapitalen.

Vidare er det uklart kven som til ei kvar tid skal ta vurderinga av storleiken på innskotskapitalen. Det er berre representantskapet som er nemnt, verken styret eller dagleg leiing kan vi sjå er nemnt som mulege saksbehandlarar her. Det kan derimot ikkje vere meininga at eit organ som har plikt å møtast ei gong i året, og som resten av året har fokus på og arbeider med andre arbeidsoppgåver skal ha slik oversikt at dei til ei kvar tid kan vurdere forsvarleg innskotskapital i selskapet. Saksbehandlinga av justering av innskotskapitalen står med andre ord fram som svært uklar.

5. Styret

Det kan synast i lovforslaget at styret får ei på mange måtar meir aktiv rolle, i det det skal vurdere om eigenkapitalen er forsvarleg, og deretter ha ei handlingsplikt for tiltak. I yttarste konsekvens skal styret føreslå selskapet oppløyst. Å oppløyse eit selskap som har langsiktige finansielle kontrakter, kanskje så langt fram i tid som fem år, medfører at krafta som er pris- og valutasikra må kjøpast tilbake. Alt etter korleis marknaden har utvikla seg vil dette kunne medføre tap eller gevinst. Spørsmålet ein kan stille seg er om styret kan bli ansvarlege overfor den enkelte kommune som måtte gå med tap ved ei slik oppløysing av selskapet. Med andre ord; spørsmålet er korleis styreansvaret er handtert i den nye lova.

6. Parallele prosessar

Samtidig med dette lovendringsforslaget er det naturleg nok også andre parallele lovprosessar. Den viktigaste i vår samanheng er kommunelova som skal gjennom ein reform. Dette er ikkje drøfta på noko måte i høyringsforslaget, noko som er ein stor svarheit. Som kjent er kommunelova § 27 på mange måtar forgjengaren til IKS-lova. Føresegna skal truleg opp til vurdering og muleg justering i kommunelovendringa. For nokre IKS ville eit samarbeid etter § 27 vere ei alternativ styringsform, og truleg er det nå naturleg i mange samanhengar å sjå på høve til ei slik omorganisering. At IKS-lova nå blir tatt opp til vurdering utan at ein samkøyrer prosessane med kommunelovutvalet, verkar som lite effektivt og prosessøkonomisk.

Regjeringa har varsla ein kommunereform, noko som heller ikkje er nemnt i høyringsutkastet. Mange av dagens IKS vil truleg ikkje vere nødvendige dersom kommunane blir større og meir robuste. I tillegg styrer inndelingslova kva kommunane har rett til ved kommunesamanslåing/kommunedeling. Forholdet mellom IKS-lova og inndelingslova er ikkje drøfta i høyringsforslaget, ein klar svakheit.

Dersom talet på deltakara i selskapet endrar seg, må selskapsavtalen endrast. Det framstår som svært byråkratisk og arbeidskrevjande at ein nå skal gjennomføre ei IKS-lovendring der deltakarane må gjere endringar i selskapsavtalen fordi dei mellom anna får innskotsplikt, og deretter må gjere om på heile strukturen i selskapet, kanskje til og med oppløyse selskapet, forholdsvis kort tid etterpå fordi kommunereforma gjer endringar i kommunestrukturen. Den sittande regjeringa har som mål å minske byråkratiet. Dette er i alle fall ikkje med på å gjere byråkratiet i kommune-Norge mindre.

7. Avsluttande merknader

Generelt til høyringsnotatet blir det fyrst kommentert at forslaget verkar einspora. Det kan sjå ut som departementet utelukkande har hatt EØS-regelverket i tankane, då særleg forbodet EØS-avtalen artikkel 61 (1) oppstiller mot statsstøtte. I ein lovendringsprosess som dette blir dette for snevert, og vi kritiserer departementet for å ikkje i større grad ha sett på konsekvensane dei føreslåtte endringane medfører for kommunane.

For mange IKS, Konesjonskraft IKS inkludert, opplever ein lovforslaget på mange måtar lite tilpassa vår verksemd. At ein må gjere visse endringar i selskapsavtalen er opplagt. I og med at vår verksemd gjer sikringshandlar framover i tid, og ein uttreden av ein deltakar kan bety store økonomiske utfordringar for selskapet, kunne det vore formålstenleg at det var høve til å avtale særlege reglar knytt til uttreden. Spørsmålet om ein i slike tilfelle kan regulere i selskapsavtalen kva som skjer ved uttreden er så vidt vi kan sjå ikkje behandla, men burde vore nemnt.

I forlenginga av dette kjem spørsmålet om høve til unntaksføresegner. Det ville vore ønskeleg at departementet tok stilling til om visse unntak frå hovudreglane lova stiller opp, ville vore muleg.

I det store og det heile verkar det som om lovforslaget inneber mykje klipp og lim frå aksjelova, slik at det skal passe til eit EØS-regelverk Noreg er bundne av, men som kanskje ikkje er like gjennomtenkt i forhold til andre lover, prosessar og den overhengande målsettinga til regjeringa om å kutte ned på byråkratiet.

Saksmappenr:2011/3 -0
Arkiv: 033
Sakshandsamar: Arne Tronsen

Saksframlegg

Konsesjonskraft IKS

<i>Saksnummer</i>	<i>Utvål</i>	<i>Møtedato</i>
10/15	KIKS - Styret	23.01.2015

Årshjul 2015

Dagleg leiar tilrår:

Årshjul 2015 vert lagt fram til drøfting

Saksutgreiing:

1. Bakgrunn for saka

Det skal utarbeidast eit årshjul for Konsesjonskraft IKS

2. Saksopplysningar

Dagleg leiar har drøfta saka med styreleiar.

3. Vurdering

Det er vesentleg at styret heile tida får tilført naudsynte opplysningar, vurderingar og kompetanse til både å styre og utvikle verksemda på ein god måte.

Det er samstundes vesentleg at arbeidsdelinga mellom administrasjon og styret er rasjonell og sett inn i eit styrings og kontrollperspektiv.

Det er difor lagt vekt på jamnlege statusmøte mellom styreleiar og dagleg leiar.

Det framlagde årshjulet er drøfta med styreleiar.

Valle, den 13.01.2015

Arne Tronsen
dagleg leiar

13.01.2015

Arshjul-KIKS

Jan

Feb

Mars

April

Mai

Juni

August

September

Oktober

November

Dezember

ATR 1201201

2015

Rapport krafthandel desember
Oppstart rekneskapsavslutning
Førebuing rekneskapsvarsel
Rapport Formuesforvaltning
Utviklingssamtale DL og rådgjevarar

Styremøte 23/1 2015

Oppstart revisjon av strategiplan
Gjennomgong av styreinstruks, instruks dagleg leiar og delegasjonsreglement
Styringsystem/rapportar
Møte administrasjon og styreleiar
Internmøte saman med økonomiavdelinga

Årsavslutninga
Ny IKS-lov
Emir-lovverket
Sjølvkost Mandalsvassdraget og Sira-Kvina vassdraga

PFU møte i Arendal

Styremøte Vennesla

Rapport krafthandel januar
Rapport Formuesforvaltning
Møte adm. og styreleiar, .
Medarbeidarsamtale Styreleiar DL
Rekneskapsavslutning/årsmelding
Årsavslutninga
Rekneskapsvarsel sendast ut
Heimesida utviklast med opplæringstiltak
Undervisning Bygland, Valle, Åmli?
Styringsystem/rapportar

Rapport krafthandel februar
Rapport Formuesforvaltning
Møte adm. og styreleiar

PFU-møte Vennesla

Styreevaluering

Utkast til revidert strategiplan

Revisjon budsjett og økonomiplan
Medarbeidarsamtale dagleg leiar og styret

Styremøte Froland

Rapport krafthandel mars
Rapport Formuesforvaltning
Lønssamtale DL og rådgjevarar
Internmøte saman med økonomiavdelinga

Rapport krafthandel april
Rapport Formuesforvaltning
Rapport strategiplan
Tertialrapport 1

Møte adm. Og styreleiar

PFU møte Åseral

Drøfting av risikostrategi

Styremøte Rysstad

Rapport krafthandel mai

Rapport Formuesforvaltning

Lønssamtale DL styreleiar/nestleiar

Gjennomgong av strategiplan

Representantskapsmøte Flekkefjord

Rapport krafthandel juni+juli

Rapport Formuesforvaltning juni+juli

Styremøte og PFU til Blåsjø/Stavanger/Sand

Rapport krafthandel august

Rapport Formuesforvaltning

Budsjett og økonomiplan

Tertialrapport 2

Endring av risikostrategi

Styremøte Iveland

PFU-møte Rysstad

Rapport krafthandel september

Rapport Formuesforvaltning

Rekneskap pr 1/11

Inntektsprognose til eigarane

rapport krafthandel oktober

Rapport Formuesforvaltning

Styremøte Arendal

PFU-møte Arendal

Rapport krafthandel november

Rapport Formuesforvaltning

Representantskapsmøte Bykle

Beredskapsøving eksternt initiert i løpet av 1.halvår 2015!

5

ATR Arne Tronsen
 ALL Anne Liv Lidtveit
 GQH Glenn Qvam Håkonsen
 SMS Stein Magne Schanke

Tema	Ansvarleg
	SMS SMS/ATR/ALL SMS/ATR SMS/ATR ATR/ALL/GQH/SMS GAM/ALL/ATR Alle med Anne Liv som sekretær ATR GQH i samarbeid med alle Alle Alle SMS/GQH/ATR/ALL ALL SMS SMS/ALL GQH/SMS GAM/ATR/ALL SMS SMS Alle GAM/ATR SMS/ATR/ALL SMS/ATR/ALL SMS SMS GQH GQH
Evaluering av risikostrategi	GQH GQH Alle SMS/GQH ALL/ATR Alle SMS/ATR/GQH ATR/GAM GAM/ATR/ALL GQH GQH ATR/ALL/GQH/SMS Alle GQH GQH ATR/GQH/ALL/SMS GQH/ASMS/ALL

ATR/GQH/ALL
ATR/GQH/
ATR/GQH/ALL/SMS

GAM/ATR/ALL
GQH
GQH
ATR
ATR/ALL/GQH/SMS
RSA/ATR/ALL/GQH/SMS

GQH
GQH
GAM/ATR/ALL/GQH/SMS

GQH
GQH
ATR/GQH/SMS/ALL
GQH
GQH/ATR/ALL/SMS
GMA/ATR/ALL
SMS/GQH
GQH
GQH
GQH/SMS
GQH/ATR

GQH
GQH
ATR/ALL/GQH/SMS

SMS/GQH
GQH/ALL
GQH/ALL
ALL/GQH/ATR/SMS

GAM=fungerande styreleiar
Gro Anita Mykjåland
RSA=leiar rep skap Reidar
Saga

Saksmappenr:2011/3 -0
Arkiv: 033
Sakshandsamar: Arne Tronsen

Saksframlegg

Konsesjonskraft IKS

<i>Saksnummer</i>	<i>Utval</i>	<i>Møtedato</i>
11/15	KIKS - Styret	23.01.2015
	KIKS - Representantskapet	

Styreinstruks Konsesjonskraft IKS

Dagleg leiar tilrår:

Saka vert lagt fram for drøfting.

Saksutgreiing:

1. Bakgrunn for saka

Det framgår av gjeldande instruks at denne skal evaluerast og eventuelt reviderast ein gong i kvar valperiode. Dette kan gjerne gjerast samstundes som styret gjennomfører eigenevaluering.

2. Saksopplysningar

Gjeldande instruks og selskapsavtale følgjer vedlagt.

3. Vurdering

Det er naturleg å revidere instruksen i samsvar med bestemmelsane om styrets oppgåver i den nye selskapsavtalen.

Dagleg leiar ønskjer å gå gjennom selskapsavtalen saman med styret i møtet.

Valle, den 13.01.2015

Arne Tronsen
dagleg leiar

Styreinstruks Konesjonskraftfondet for Aust-Agder IKS

1. Styrearbeidet i Konesjonskraftfondet for Aust-Agder IKS skal følge denne styreinstruksen. Styret kan i einskildsaker vedtake å sjå vekk frå denne instruksjonen.

2. Møteplan, innkalling med meir.

Styreleiar skal saman med dagleg leiar ein gong i året sette opp framlegg til møteplan og hovudagenda for komande styremøte. Møteplanen vert vedteken av styret i samsvar med gjeldande årshjul.

Styret skal innkallast skriftleg og med tilfredsstillande varsel (normalt 5 vrykedagar), avhengig av kva for styresaker som skal handsamast. Innkallinga skal innehalde dagsorden som syner kva for saker som skal handsamast.

Styremedlem som ikkje kan delta på styremøte, skal så snart som råd varsle dagleg leiar som er ansvarleg for å kalle inn vararepresentantar. Saksdokumenta skal og sendast til vararepresentantane.

3. Saksførebuing og dokumentasjon

Styreleiar er ansvarleg for å sette dagsorden og syte for at dagleg leiar førebur og dokumenterer styresakene på ein forsvarleg måte. Saksdokumenta skal innehalde eit tilfredsstillande avgjerdsgrunnlag og framlegg til vedtak frå dagleg leiar.

4. Handsaming i møte

Styret kan gjere vedtak når meir enn halvdel av medlemmene er tilstades i møtet. Vedtak krev fleirtal av dei som deltek i handsaminga; dersom det er like røystetal har leiar eller fungerande styreleiar dobbeltrøyst

- 5 Styrehandsaming utan møte

Når det er naudsynt og forsvarleg, kan saker handsamast utan møte; gjennom telefonkonferanse eller slik styreleiar avgjer.

Viktige saker kan ikkje handsamast utan møte dersom det ikkje ligg føre sakleg grunn, sjå vedteken risikostategi.

- 6 Styresaker og styrets avgjerdsrett

Styret gjer vedtak i saker som er av vesentleg eller stor betydning. Styret fører tilsyn med at selskapet vert drive i samsvar med vedtak gjort av representantskap/styre, gjeldande vedtekter/selskapsavtale og lovverk.

Styreleiar skal:

- saman med nestleiar gjennomføre årleg lønssamtale med dagleg leiar
- gjennomføre årleg utviklingssamtale med dagleg leiar
- ha den løpande oppfølginga og kontakt med dagleg leiar (leiaravtale?)
- føre tilsyn med dagleg leiar
- Sette dagsorden for styremøte og følgje opp dagleg leiar i saksførebuingane
- ha møteplikt i representantskapsmøte.

Styret skal:

- vedtake delegasjonsreglement for dagleg leiar
- halde seg orientert om selskapets økonomiske status og sjå til at rekneskapsfunksjon og forvaltninga av eignelutane er under god kontroll.
- syte for forsvarleg organisering av selskapet når det gjeld rekneskapsfunksjon,
- internkontroll, varslingsrutiner og budsjettering.
- fastsetje mål og rammer for selskapet og syte for at desse vert handsama i representantskapet.
- gje fullmakt til gjennom signatur å binde selskapet
- følgje opp budsjettet og likviditeten
- følgje opp selskapets risikostrengi og å halde denne levande gjennom drøftingar i styre og representantskap og gjere naudsynte/tenlege endringar.
- syte for at selskapets samla verksemd er i samsvar med gode etiske retningslinjer

Desse sakene skal handsamast i styret:

- tilsetjing/oppseiing av dagleg leiar
- framlegg til strategiplanar
- framlegg til årsrekneskap, årsmelding og revisjonsmelding
- saker av uvanleg karakter eller storleik.
- vedtake og underteikne årsrekneskapsavtalen.

Det vert og vist til gjeldande selskapsavtale.

Styreinstruksjonen og styrearbeidet skal evaluerast ein gong i løpet av kvar valperiode.

Valle, 21. mars 2011

Bjørgulv Sverdrup Lund Kay A. Jeiskelid Oddvar Skaiaa

Nina Skiftenes

Margit Smeland

Saksframlegg

Konsesjonskraft IKS

<i>Saksnummer</i>	<i>Utval</i>	<i>Møtedato</i>
12/15	KIKS - Styret	23.01.2015

Instruks for dagleg leiar

Styreleiar tilrår:

Instruks for dagleg leiar vert lagt for styret for handsaming.

Saksutgreiing:

1. Bakgrunn for saka

Instruks for dagleg vart på bakgrunn av tilråding frå styret vedteke av representantskapet i juni 2011, sjå vedlegg.

2. Saksopplysningar

Det er ikkje lagt opp til ei fast rutine når det gjeld evaluering og eventuelle endringar i instruksen. Det synest naturleg å take instruksen opp til handsaming i same møtet som styret vurderer eigen instruks.

Gjeldande delegasjonsreglement følgjer og som vedlegg til saka

3. Vurdering

Saka vert lagt fram for drøfting.

Valle, den 15.01.2015

Gro Anita Mykjåland
styreleiar

Vedlegg

- 1 Instruks for dagleg leiar
- 2 Delegasjonsreglement for dagleg leiar

Saksmappenr: 2009/717-1
Arkiv: 404
Sakshandsamar: Arne Tronsen

Saksframlegg

Konsesjonskraftfondet for Aust-Agder IKS

<i>Saksnummer</i>	<i>Utv</i>	<i>Møtedato</i>
	KAAIKS - Styret	

Instruks for dagleg leiar

Dagleg leiar tilrår:

Ein ber styret utarbeide instruks for dagleg leiar.

Saksutgreiing:

1. Bakgrunn for saka

I samband med selskapskontroll har Setesdal Revisjonsdistrikt IKS bede om å få instruks for dagleg leiar i fondet. Jfr. selskapsavtalen § 7, pkt. 4 står det at styret har ansvaret for å utarbeide instruks for dagleg leiar. Pr. i dag finnast ikkje slik instruks i fondet. Ein har sendt førespurnad til andre interkommunale selskap om instruks for deira leiar. Det som har kome inn er lagt ved saka.

2. Saksopplysningar

Viser til vedlagte selskapsavtale.

3. Vurdering

Valle, den 03.11.2009

Arne Tronsen
dagleg leiar

Saksmappenr: 2009/717-7
Arkiv: 404
Sakshandsamar: Bjørgulv Sverdrup Lund

Saksframlegg

Konsesjonskraftfondet for Aust-Agder IKS

<i>Saksnummer</i>	<i>Utvål</i>	<i>Møtedato</i>
	KAAIKS - Styret	

Delegasjonsreglement for dagleg leiar

Styreleiar tilrår:

Vedlagte utkast til instruks for dagleg leiar vert vedteke.

Saksutgreiing:

1. Bakgrunn for saka

Det er utarbeidd instruks for styret og for dagleg leiar. Eit tilpassa delegasjonsreglement vil bidra til å gjere verksemda velfungerande.

2. Saksopplysningar

Dei vedtekne instruksar, sjå vedlegg, tydeleggjer ansvarstilhøva mellom styret og dagleg leiar.

3. Vurdering

Målet med eit delegasjonsreglement for dagleg leiar er å gjere desse operative i kvardagen. Vedlagte delegasjonsreglement er enkelt og kortfatta, men prinsipielt tydeleg.

Den viktigaste føresetnaden for ei god og effektiv arbeidsdeling mellom styret og dagleg leiar er jamnleg kontakt mellom styreleiar og dagleg leiar. Denne kontakten vil sikre at dei rette sakene kjem til handsaming i styret og at oppfølginga av sakene er i samsvar med vedtak og intensjonar.

Valle, den 03.11.2011

Bjørgulv Sverdrup Lund
styreleiar